

Prekenverkstedet



Den Norske Israelsmisjon

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

Romjulssøndag – 27. desember 2015

Preiketekst: Luk 2, 25-35

Lesetekst I: Jesaja 66, 10-13

Lesetekst II: Rom 11, 33-36

Saligheta på eit fang

Romjulssøndag

-En skulle vøri fire år i romjul'n, syng Alf Prøysen, – og væla var et hus med fire vegger, der saligheta var et bæssmorfang!

Me er komne til 27. desember, tredje juledag. Og romjul, sjølv om kalendaren er raud også denne dagen. Tre raude dagar etter kvarandre, pluss julaftan før det igjen! Jau, her er mykje gildt og godt å gle seg over enten ein er fire år eller meir eller mindre. No bruker ein det litt meir folkelege «Romjulssøndag» som namn på dagen. Før var det «Søndag etter jul». Preiketeksten syner oss også eit fang der ein finn «saligheta». Det vil seia: to fang – både Jesu mor Maria sitt fang, ho som ber guten Jesus inn i heilagdomen – og Simeon som får oppleva sitt livs lykke ved å ta barnet i sin famn og velsigna det. Forteljinga rommar mykje «lys og varme», men også sterke profetiar om motseiing og motstand, ja, sverd og gjennom boring!

Venta på Israels trøyst

Det er fire personar dette handlar om. *Jesus*-barnet, *Maria*, Jesu mor, *Josef*, Jesu juridiske og jordiske far, og *Simeon*, ein rettferdig og gudfryktig mann. Det er Simeon som vert introdusert først. Både i litteratur og kunst vert han skildra som ein gammal mann. Det står det ikkje eksplisitt noko om. Men i og med at han kjenner seg ferdig til å døy, har dei aller fleste gått ut frå det. Og i tillegg vert det fortalt om han samstundes med Anna Fanuelsdotter. Om henne får lesaren vita at ho er 84 år (Luk 2,37).

Men alderen er ikkje det viktige her! Simeon venta på Israels trøyst. Det var det veldig mange andre også som gjorde. Han og dei andre hadde god kjennskap til profetiane og lovnadane i dei heilage skriftene. Messias skulle koma. Det utvalde jødiske folket skulle få del i frelsa. Herren skulle møte dei med si trøyst. Det spesielle med Simeon var at han hadde fått ei særskilt openbering frå Heilaganden, om at han personleg skulle få oppleva dette før hans eige liv var omme.

Openberra av Heilaganden

Og no, denne dagen, når Maria og Josef kjem til tempelet med guten sin, er Heilaganden over Simeon. Det står at Simeon var driven til templet denne dagen av Heilaganden (vers 27). Straks ser og forstår han kva han er augevitne til. Barnet er Israels Messias, frelsa etter lovnadane, den trøysta som hans eige folk – og alle folkeslaga – skulle få. Og han tek barnet i armane sine og lovar Gud.

«No, Herre, kan du lata tenaren din fara herifrå, for no har eg sett di frelse.»

Det er eit vakkert bilete me ser føre oss når me les! Og me merker oss at Simeon måtte få dette openberra av Heilaganden, for at han skulle sjå det. Slik er det for oss alle, den dag i dag. Frelsa kan me ikkje berre ta til oss av eiga kraft eller vit. Ho må verta openberra for oss, slik at me både ser at me treng frelse, og at Jesus er den Messias og frelsar som me også treng!

Mor og far si undring

Mor og far, Maria og Josef, visste ikkje om dette på førehand. Dei kom til heilagdomen førti dagar etter at barnet var født, slik skikken og lova tilsa. Etter åtte dagar vart guten omskoren, og no, etter førti dagar, skulle dei gje det offeret som lova og skikkane deira tilsa: to turtelduer eller to dueungar.

Mor og far vert ståande der og lytta til Simeon sin lovsong: ein lovsong som i sak og innhald liknar mykje på både Maria sin lovsong (Luk 1,46 ff) og Sakarja sin (Luk 1, 67 ff). Og Anna Fanuelsdotter (Luk 2,38). Dei var sikkert både fortumla, overraska og forvirra – og ikkje lite forundra. Ja, det står presisert at Josef og mor hans undra seg over det som vart sagt om guten deira (vers 33). «Eit ljøs til openberring for heidningane, og ein herlegdom for Israel,» song Simeon. Og ikkje berre det, men at dette barnet skulle verta til fall og oppreising for mange i Israel, og eit teikn som vart motsagt. Og at Jesu mor skulle oppleve livet med Jesus som om eit sverd går gjennom sjela! Sterke, vonde ord, som kjem samtidig med dei varme og gode orda frå Simeon.

Det skal mindre til for å verta forvirra og undrande. Og endå er det ikkje meir enn førti dagar sidan fødselen. Både mødre – og fedre – kan vera kjenslemessig labile mykje lenger enn som så!

Frelse for alt folket

Teksten gjer det tydeleg for oss at frelsa er for Guds eige folk, og for folkeslaga. Olav Skjevesland peikar på at ordet for heidningefolk hjå Jesaja i 52,10 – *ethnos* – i Det nye testamente er erstatta med eit ord som tyder gudsfolket: *laos*. Det er eit tydeleg signal om at heidningefolka skal verta lukka inn i samfunnet med Gud, saman med det folket Gud utvalde. Desse momenta vert flott understreka og forsterka om ein les begge lesetekstane frå nettopp Jesaja og Romerbrevet. Frelsa som Simeon får ta i sine eigne hender, bokstaveleg tala, har verdsvid adresse. Seinare vert det presisert at Guds utvalde folk har ein førsterett til å få høyra den glade budskapen (Rom 1,16).

Englane syng på Betlehems-markene, nær den byen der Jesus vart fødd. – Eg forkynner dykk ei stor glede, lydde det. Ei glede for alt folket, song dei vidare. Det går an å tolka og forstå ordet «dykk» og «alt folket» slik at det var eksplisitte lovnadar til det jødiske folket, for hyrdingane var også jødar, sjølv sagt. Men sjølv sagt går det også an å tolka dette universelt. Særleg når himmelskaren syng om Guds hugnad med menneske (Luk 2,14). Heilaganden openberrar for Simeon at dette ikkje står i motsetning til kvarandre. Tvert om. Både jøde og grekar er omfamna av Guds frelsesvilje. Og alle må få høyra den glade budskapen, om lovnadane som gjeld like sterkt og tydeleg i dag. Difor kan veldig gjerne både gudstenestene og julefestane tredje juledag vera misjonsprega!

Paul Odland

misjonssekretær i Den Norske Israelmisjon, Stavanger krets
stavanger@israelmisjonen.no